



LESJA KOMMUNE - KONTROLLUTVALGET

MØTEBOK - PROTOKOLL

Utvalg/styre råd:	Møtedato:	Innkalling av:	Møtested:
Kontrollutvalget	3. juni 2020	22. mai 2020	Lesja kommunehus


Til stede på møtet:


Av i alt 5 medlemmar var 5 til stades.


Møtet varte fra kl. 13:00 til kl. 15:00

Underskrifter:

Vi bekrefter med våre underskrifter at det som er ført på sak nr. 12-14/20 er i samsvar med møtevedtaka.



Anders Norderhus


Anne Cathrine Enstad


Oddvar Romundset

Kari Kjøde Enger

Konrad Eithun



Utskrifter:

Protokoll fra kontrollutvalgets møte går til:

- Medlemmene og varamedlemmene av kontrollutvalget.
- Lesja kommune, rådmannen og ordføreren i Lesja.
- Innlandet Revisjon IKS
- Presse

Møteinnkalling

Kontrollutvalet hadde ingen kommentar til innkallinga.



LESJA KOMMUNE KONTROLLUTVALGET

MØTEBOK

Kontrollutvalget i Lesja	Møtedato: 3. juni 2020	Saksnr: 12/2020
	Saksbehandler:	Morten Sørhage

Vedlegg:

Tertialrapport 1/2020

INNLANDET REVISJON IKS – RAPPORT 1. TERTIAL 2020

Innlandet Revisjon IKS rapporterer etter oppdragsavtalen pr. tertial. Vedlagt oppstilling viser ressursbruken pr. 30/4 – 20, samt prognose for året 2020.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek tertialrapport 1/2020 til orientering.

Handsaming:

Kontrollutvalet hadde ingen kommentar til rapporten.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek tertialrapport 1/2020 til orientering.
Samrøystes.



LESJA KOMMUNE KONTROLLUTVALGET

MØTEBOK

Kontrollutvalget i Lesja	Møtedato: 3. juni 2020	Saksnr: 13/2020
	Saksbehandler:	

ORIENTERINGAR

Kontrollutvalet gjekk i sak nr. 11/2020 gjennom fleire høve for gjennomgang og orienteringar.

Sekretær vart beden om å gå gjennom sakene med kommunaldirektør og innhenta nødvendige attendemeldingar og avtalar orienteringar frå administrasjonen i kontrollutvalet.

Følgjande saker var på sakskartet etter innspel frå utvalsleiar:

- Rapport frå Mattilsynet om vassforsyningar
- Klimaplanen for Lesja
- Investeringsbudsjett 2019
- Forvaltningsrevisjonsrapport "Selvkost og oppfølging av vedlikehold/investeringsbehov" – oppfølging av anbefalingar
- Brukarundersøkingar av eldre innbyggjarar
- Arbeidstakerundersøkingar

I tillegg ynskjer kontrollutvalet orienteringar om:

- Prosjekt 0249 Lesjaskog- Bjorli – kontraktar, fakturaer og samanheng med kostnadsoverskriding
- Oppfølgingsrutiner ved større anleggsprosjekt
- GDPR – orientering om rutiner og datasikring

Sekretær har drøfta innspela med kommunedirektør. Administrasjonen har ein spesiell situasjon andsynes corona-pandemien, men vil orientere så langt det er mogleg.

Handsaming:

Forvaltning- og utviklingssjef Rigmor Bøe og kommunedirektør Frank Westad orienterte om sakene kontrollutvalet har etterspurt.

- Prosjekt 0249 Lesjaskog –Bjorli
 - o Forklarte budsjettoverskriding
- Oppfølging større anlegg
 - o Administrasjonen arbeider med rutiner
 - o Har hatt vakanser
- Rapport frå Mattilsynet
 - o Administrasjonen arbeider med rutinene med frist 5. juni 20 for dokumentasjon
- Forvaltningsrevisjon sjølvkost
 - o Lesja kommune har konsulent som vurderer rutinene, og arbeider med forslaga til forbedringar
- Klimaplanen for Lesja
 - o Administrasjonen arbeider med planen
- Brukarundersøkelsar av eldre innbyggjarar
 - o Administrasjonen sender til sekretariat for distribusjon til utvalet
- Arbeidstakerundersøkelsr
 - o Kommunen har ikkje gjennomført undersøkelser i seinare tid
- GDPR – rutiner og datasikring
 - o Administrasjonen orienterer seinare

Kommunedirektør orienterte om sitt syn på aktuelle område for nærare vurdering og oppfølging:

- Beredskap (i samarbeid med Dovre)
 - o Organisering av tenesten (kriseleiing)
 - I samband med Fylkesmannens tilsynsrapport
 - I samband med koronapandemien blir tenesten evaluert

Kommunedirektør orienterte om ny organisering av administrasjonen i Lesja kommune. Den blir nå omorganisert til to-nivå-system. Dette vil frigjera ressursar. Planarbeidet blir prioritert. Kommunen ser Bjorli som viktig i plansamanheng, med tilrettelegging for auka aktivitet.



LESJA KOMMUNE KONTROLLUTVALGET

MØTEBOK

Kontrollutvalget i Lesja	Møtedato: 3. juni 2020	Saksnr: 14/2020
	Saksbehandler:	Morten Sørhage

Vedlegg:

Tilsendt arbeidspapir – Risiko og vesentlegheitsvurdering

FRAMDRIFT RISIKO- OG VESENTLEGHEITSVURDERING

Kontrollutvalet skal minst ein gong i perioden og seinast året etter val utarbeide plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Planen skal baserast på ein risiko- og vesentlegheitsvurdering. (Kommunelovens § 23-2)

Arbeidet med dette har ikkje formkrav. Formålet er å finne område i kommunal verksemd der det er risiko for vesentlege avvik i tenesteytinga, og kva konsekvensar dette har.

Vurderinga er oppbygd etter kommunal organisasjon og tenesteområde, samt sektoroverordna variable. Kriteriar for vurdering av tenesteytinga er lovverk og vedtak. I vurderinga er lagt vekt på kommunens eigne syn på utfordringar, som kjem fram i årsmeldinga. Sekretær ser det også tungtvegande og leggja vekt på moment som kontrollutvalet spelar inn som folkevalde.

Kontrollutvalet går gjennom arbeidspapira og gjev innspel.

Handsaming:

Kontrollutvalet drøfta tema for vurdering:

- Postrutiner/journalføring
- Datasikkerheit

I samband med arbeidspapir i risiko- og vesentlegheitsvurderinga merka utvalet seg bl.a. Fylkesmannens kommentar til at høg andel i grunnskule/barnehage meiner seg utsett for mobbing. Kontrollutvalet ynskjer å vurdera temaet nærare. For vidare arbeid berammast møte 25. august 2020, der administrasjonen orienterer om:

- Arbeidet i skulen med opplæringslovas §9A om skulemiljøet
- Brukarundersøkelser av eldre innbyggjarar
- Arbeidstakarundersøkelser